



Kraftkameratane v/Magne Haugen
-
5652 ÅRLAND

Middelthuns gate 29

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: 18. 09. 2006

Vår ref.: NVE 200602049-4 emp/ave

Arkiv: 912-653.4

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Arne Venjum

22 95 92 58

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Klage på fastsetjing av marginaltapssatsar. Kraftkameratane AS - BKK Nett AS

Kraftkameratane seier seg usamd i at BKK har valt å tariffere Kraftkameratane sitt kraftverk i Samnanger kommune etter ein tariff som ikkje er referert det punktet i nettet som kraftverket er tilknytta. NVE meiner at BKK ikkje kan tariffere det aktuelle kraftverket slik dei har gjort, og NVE krev difor at BKK endrar sin tariffierungspraksis.

Kraftkameratane har i brev av 15. mai 2006 klaga på korleis BKK har fastsett marginaltapssatsane.

NVE har i brev av 13. juni 2006 bede om BKK Nett sine kommentarar til saka. BKK har gjeve sine merknader i brev av 23. august 2006 og seinare over telefon til NVE.

Partane sine merknader

Kraftkameratane opplyser at dei driv eit minikraftverk i Samnanger kommune i Hordaland. Kraftverket vart starta opp i 2000. Dei hevdar at BKK endra marginaltapssatsane i 2006, noko som var til ugunst for kraftverket. I følge Kraftkameratane skuldast dette at *"tilknytingspunktet er flytta frå Hisdal til Frøland trafostasjon"*. Kraftkameratane meiner at BKK ikkje kan endra tilknytingspunkt slik dei har gjort. Kraftkameratane hevdar også at BKK ikkje har informert dei godt nok om denne endringa.

BKK skriv i brevet til NVE at selskapet har endra tariffierungspraksisen sin over tid. Ei viktig årsak til dette er at BKK har kjøpt opp fleire nettselskap. Desse selskapa har ikkje hatt same tariffierungspraksis og har også nytta ulike nettinformasjonssystem. For å handsame alle sine innmatingskundar likt valte BKK *"høsten 2005 å bruke marginaltapkostnadene referert til distribusjonsnettets side i transformatorstasjonene (total 38 punkter i BKKs nett)"*. BKK meiner at denne praksisen ikkje er i strid med forskrifta.

Om informasjonen til Kraftkameratane hevdar BKK at dei ved fleire høve, per e-post og telefon, har gjeve dei opplysningar som kunden har krav på.

NVE si vurdering

Om tariffing av nettkundar heiter det forskrift om kontroll av nettverksemd at "tariffene skal refereres tilknytningspunktene", jf. § 13-2 i forskrift 11. mars 1999 nr. 302. Forskrifta seier ikkje eksplisitt kor dette punktet skal liggje i nettet eller om nettselskapet kan bruke ulike referansepunkt for dei ulike parametrane som blir nytta i tariffinga. NVE har derimot gjennom ein lang forvaltningspraksis lagt til grunn at tilknytningspunktet er å sjå på som det punktet der strømmålaren er plassert. Dette punktet vil vanlegvis også vere samanfallande med grensepunktet for kva som er nettselskapet sitt nett og kva nettanlegg som høyrer til den enkelte kunde. NVE vil likevel ikkje utelukke at denne regelen kan avvike når dette er kostnadmessig effektivt og den valte praksisen ikkje kan seiast å vere diskriminerande.

BKK har for alle sine innmatingskundar i distribusjonsnettet rekna ut og lagt til grunn dei marginaltapsprosentane som er referert sekundærsida av transformatorane mellom regionalnettet og høgspenst distribusjonsnett. Det følgjer av BKK sin praksis at marginaltapsprosentane og energigrunnlaget refererer seg til ulike punkt, og at nettselskapet ikkje har rekna ut og lagt til grunn dei marginale tapa i nettet mellom desse punkta.

For det enkelte kraftverk kan det vere store forskjellar i avstanden mellom desse punkta. T.d. har Kraftkameratane i den aktuelle saka opplyst at avstanden mellom desse referansepunkta er 14 km. Sidan avstanden i seg sjølv ikkje kan tilleggast nokon vekt vil ikkje dette forholdet bli vurdert og tillagt vekt.

Det einaste som har kostnadmessig relevans i saka er om det marginalt sett er vesentlege forskjellar i nettapa mellom dei aktuelle punkta. Om det er store avvik mellom desse punkta er det isolert sett særleg uheldig at denne løysinga vert brukt. Viss derimot marginaltapsprosentane berre i svært liten grad blir påverka av kva for referansepunkt som vert nytta, er dette ikkje nok praktisk problem og nettselskapet bør kunne velje den kostnadmessig billegaste løysinga.

NVE har ikkje kunna rekna på kor store avvika kan vere i dette konkrete tilfellet. NVE har likevel ikkje grunn for å tvila på BKK sine opplysningar i saka. BKK har per telefon sagt at dei fleste av nettselskapet sine innmatingskundar kjem betre ut med den løysinga som er valt, men dette gjeld mellom andre ikkje Kraftkameratane. Dette selskapet er derimot ein av dei innmatingskundane som relativt sett har tapt på at referansepunktet for fastsetjing av marginaltapsprosentane. Etter NVE si vurdering kan det ikkje tilleggast vekt om den endra tariffingspraksisen kostnadmessig verkar den eine eller andre vegen for kunden.

Prinsippa om at tariffane skal vere punktbaserte og at dei skal refererast tilknytningspunkta er særleg viktige områder i forskrifta. Det same er prissettingsprinsippet om at pris = grensekostnad, dvs. at energileddet skal setjast lik verdien på marginaltappet. Etter NVE si vurdering skal nettselskapa strekke seg langt for å oppfylle desse prinsippa i praktisk tariffing.

BKK har ikkje kunna vise til gode grunnar for å tariffere innmatingskundane sine slik dei har gjort. Nettselskapet har mellom anna ikkje kunna sannsynleggjort at tariffingspraksisen dei har valt vil gje tydeleg lågare kostnader enn om dei refererte marginaltapsprosentane til målarpunkta, eller at marginaltapsprosentane i liten grad vil avvike avhengig av valt referansepunkt. NVE er heller ikkje samd med BKK om at denne tariffingspraksisen er ikkje-diskriminerande. Det kan snarare hevdast at det er det den er.

Med bakgrunn i det som er sagt i det ovanståande kan ikkje NVE akseptere den tariffingspraksis BKK har nytta ved tariffinga av Kraftkameratane. Vi vil samstundes peika på at denne konklusjonen ikkje er til hinder for at BKK kan gjere praktiske tilnærmingar når storleiken på marginaltappet skal fastsetjast, t.d. ved at nettselskapet nyttar gjennomsnittlege marginaltapp for visse områder.


Kva gjeld informasjonsutvekslinga i saka finn NVE det vanskeleg å ta stilling til om BKK har gjeve god nok informasjon til Kraftkameratane eller ikkje. NVE vil likevel understreka den utvida informasjonsplikt nettselskapa har etter § 13-5 i forskrifta.

Vedtak

NVE meiner at BKK i si tariffing av kraftverk som er tilknytt distribusjonsnett ikkje i tilstrekkeleg grad har retta seg etter dei reglane som er nedfelt i forskrifta. NVE krev difor at BKK med verknad frå og med 2007 nyttar tilknytings- eller utvekslingspunkta som referanse når marginaltapa vert rekna ut.

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE.

Med helsing


Marit Lundteigen Fossdal
avdelingsdirektør


Torfinn Jonassen
seksjonsjef



Brevets mottakere:

Navn1	Navn2	Adr	Post	Land
BKK Nett AS		Postboks 7050	5020 BERGEN	
Kraftkameratane		-	5652 ÅRLAND	
v/Magne Haugen				